


Sunde

TEMA: Tettstedene ①110, Embetsmennene ①61
KART: ④438, ④446

DEN FØRSTE INDUSTRISTADEN

I 1852 sette Haktor Thorsen opp to store sjøbuer på eitt av gardsbruka på Sunde og tok til med handel og sildesalting. Dette vart starten på eit industrieventyr som gjorde Sunde til den første industristaden i Kvinnherad.



BRISLING OG BÅTBYGGING

SUNDE hadde god hamn, og HAKTOR THORSEN, som ei tid hadde drive handel på Holmedalsanden, svinga seg opp med fiske og fraktefart. Jaktene hans førte sild frå Nordland til auster-sjølanda og kom i retur med kornlast til Sunde.

I 1866 byrja Haktor Thorsen med hermetisk nedlegging av brisling og ansjos; i den første tida i handlaga blekkboksar. Etter at verksemda tok i bruk ei felsemaskin innkjøpt frå Sverige, steig produksjonskapasiteten. Men først etter at Thorsen hadde studert hermetikkdrift i Frankrike kring 1870, vart det for alvor fart i omsetnaden.

I 1875 kjøpte HERMANN VALVATNE, ein handelsmann frå Sagvåg, landhandelen til Thorsen. Også Valvatne slo inn på hermetikkproduksjon og sette opp ein stor fabrikkbygning nord for handelsbua. Fram mot hundreårsskiftet syssel-



Hermetikkindustrien var ein viktig kvinnearbeidsplass.

sette dei to fabrikkeigarane eit hundretals arbeidarar i den beste sesongen, og Sunde vart meir og meir eit sentrum for industri, handel og samferdsle. Frå 1860-åra hadde Sunde hatt faste dampskipsruter til Bergen og Stavanger. Haktor Thorsen vart dampskipsekspeditor.

Kring 1890 vart grunnen lagd for eit anna stort industriltak som fekk mykje å seia for Sunde: skipsverven til HANS GRAVDAL på Opsanger. Verksemda vart flytta gradvis over frå Gravdal på Halsnøy til tomta ved Opsangervågen. GRAVDALSVERVEN utvikla seg til å verta ein av dei største treskipsvervane i landet. Sunde fekk poståpneri i 1892 og rikstelefonstasjon nokre år seinare (①91). Hermetikkfabrikken vart overteken av CHR. BJELLAND & co. i 1914, og her vart drifta innstilt i 1988. Ein stor industriperiode var då over. □



JONAS LIE OG SJEFSGARDEN PÅ UNДАРHEIM



I 1791 vart det fastsett at kompanisjefane i hæren skulle få tillagt embetsgardar. Hovudbygningen på Undarheim vart oppført i 1792 som bustad for sjefen for Søndre Sønholdlehnske Compagni. Ein av dei mest kjende offiserane som budde her, var oberst F.W. BEICHMANN. Han var stortingsmann i 1836–38.

I 1815 vart det lagt ut ein embetsgard til skrivargard ved sida av sjefsgarden. Hit kom sorenskrivar MONS LIE i 1846 og leigde seg inn i hovudhuset på sjefsgarden. Sonen Jonas var då tolv år gammal, og familien vart buande her til 1860.

Jonas vart godt kjend med folket i bygda, og etter kvart lærte han seg bygdemålet. Det er særleg i romanen «GAA PAA» Jonas Lie har nytta tilfang frå Sunnhordland. Denne romanen er ei nærstudie av tilhøva i ei fjordbygd i Ytre Hardanger, og ikkje minst eit livfullt tidsbilete frå den store perioden i vintersildfisket (①100).

Sjefsgarden, bygd i 1818 som eit tohøgda hus med halvvalma tak, har vore ombyggt fleire gonger. I 1863 overtok Christopher Henrik Hofheldt Lund både skrivargarden og huset på sjefsgarden. Han tok av ein etasje og fekk mura den vakre steintrappa. Sonen Christian bygde i 1932 på ein etasje att. Då fekk bygningen dagens utsjånad.



Hovudbygningen på Undarheim.